



## MØTEBOK

Tidspunkt: Måndag 10.05.21

Stad: Banken/Teams

Til stades på møte: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Kati Must Nybø (vara for Anne Marie G. Rabba), Heine Eikemo (vara for Håkon Småbrekke), Randi Legård og Sveinung Olsnes (sekretær)

Forfall: Meld forfall Håkon Småbrekke og Anne M. G. Rabba, vara er kalla inn.

Andre til stades på møte:

### Saker til styremøtet

Sak 23/21: Meldingssaker

Sak 24/21: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Sak 25/21: Publisering av møtebøker/informasjon til brukerane

Sak 26/21: Resultat spørjeundersøking 2020

Sak 27/21: Gjennomgang dugnad/vedlikehald fjellstyrehyttene

Sak 28/21: Rjupejakt 2021

Sak 29/21: Stølane

Sak 30/21: Driftsplan fiske

Sak 31/21: FHas, endring i sekretærenestene og framtidig kontrakt/tenestekjøp

Sak 32/21: Salteplassar, løyve til motorferdsle mv

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/

Andre Botnen/s/

Randi Legård/s/

Kati Must Nybø/s/

Heine Eikemo/s/

## Sak 23/21: Meldingssaker

### Saksutgreiing:

- 2021.03.12.441.Melding om søppelreir Reinstjødna
- 2021.03.26.001.5.Utval-Høring villreinkvote 2021 forslag villreinutvalet
- 2021.04.06.035.0.søknad støtte ninive-Aktivitetstilskot\_barn\_unge søknad Røldal Fjellstyre
- 2021.04.07.641.0.Mildir-Vedtak i klagesak om utsetting av fisk i Hardangervidda nasjonalpark
- 2021.04.12.001.5.TIL utvalet - Høyringsvar - villreinkvote Hardangervidda hausten 2021
- 2021.04.20.441.Statskog- div korr søppelreir/befaring
- 2021.04.23.001.5.UTvalet-Anbefaling villreinkvote Hardangervidda 2021
- 2021.04.28.001.1.Mdir og mattilsyn-Anbefaling til LMD og KLD CWD
- 2021.04.29.43.TUV-løyve Røldal fjellstyre - vinter 2021 - Ninnive - utvida

### Framlegg til vedtak:

Ingen

### Referat:

Gjennomgang ved sekretær

### Vedtak:

Styret tek meldingssakene til vitande

## Sak 24/20: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

### Saksdokument:

#### Saksutgreiing (THHT):

- Innkjøp: Overtrekkslaken (kr 1057) til dei nye madrassene i Gamlabua. Ei billig gjæresag (kr 2524) til dugnaden som skal gjerast på Ninive i sommar. Diverse proviant og vaskeutstyr.
- «Søppelreir»: Statskog har visst velvilje med tanke på å bidra til å rydde opp i «reira» i Høgshedler og ved Reinstjørna. Satsar på ei befaring til sommaren.
  - o Det er i etterkant også kome fjellstyret for øyra at ikkje forsvaret rydda skikkeleg opp etter seg når dei forlot stasjonen på Verjesteinsnuten. Det går ein kabel frå om lag hytta ved Nupstjørn og opp til stasjonen. Denne bør også vera med i same prosjektet.
- Fjellstyret må bestemme seg for korleis ein skal gjennomføre kortutdelinga i år. Tor Helge foreslår å dele ut korta så snart som råd etter at dei er mottatt. Spørje idrettslaget om leige av kortterminal. Har fått bekrefta av rekneskapsfører/NFS at måten me løyser det på no er innanfor.
- Systemnøklar: Mottatt ny nøklar og låssylinderar. Det har dukka opp ein av dei savna nøklane. Manglar framleis 4! Håkon har byrja å nummerere nøklane.
- Fjellstyret må ta stilling til korleis hytteutleiga skal organiserast for sesongen 2021. Per no er det framleis nødvendig å ta koronahensyn.



**Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret ynskjer å levere ut korta så snart som råd, og avtaler nærmare tidspunkt når fellingsløyva er mottatt. Avgjersla om organisering av hytteutleige vert avgjort då. Sekretær gjennomfører korttrekningane, og sender dei ut samla til alle fjellstyremedlemmene.

**Referat:**

Gjennomgang ved leiar.

Kort diskusjon omkring utdeling av løyver.

Einigheit om å trekke til saman 10 utanbygdsjegerar no og så avvente til innanbygds er ferdige.

Statskog har signalisert at dei kjem på befaring angående søppelreira til sommaren. Fjellstyret bør få kartfesta alle stadene som treng opprydning innan dette.

**Vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitande.

Fjellstyret ynskjer å levere ut korta så snart som råd, og avtaler nærmare tidspunkt når fellingsløyva er mottatt. Sekretær gjennomfører korttrekningane, og sender dei ut samla til alle fjellstyremedlemmene.

Det trekkast totalt 10 utanbygds jegerar no og så avventar ein salet til innanbygds før ein eventuelt legg ut fleire.

Fjellstyret tek oppatt saka om hytteutleige på neste møte (kortutdeling).

**Sak 25/21: Publisering av møtebøker/informasjon til brukarane****Saksdokument:****Saksutgreiing (THHT):**

Tor Helge har no greidd å samle, og digitalisere, alle møtebøker frå og med 1999 til dags dato, samt alle årsmeldingar frå 2005 til dag dato. Det vart aldri laga årsmelding frå 2016. Alt tydar også på at årsmeldinga frå 2015 heller ikkje vart godkjent.

Tor Helge fekk i fjor ei god epostliste, med adressene til dei fleste innanbygdsjegerane. Han har brukt denne til å informere brukarane om aktuelle saker, søknadsfristar og liknande. Etter ein «uheldig»-episode i etterkant av førre informasjonmail, vart det openbart at ein ikkje kan fortsetje å kommunisere med brukarane på denne måten, då det vart tydeleg at ikkje alle, anten ikkje har forståing for, eller respektere vanleg «mail-kutyme». Ein må difor prøve å nå brukarane på ein alternativ måte. Det er også ynskjeleg å etablere eit låg-terskel-tilbod, som kan fange opp dei som endå ikkje har overgitt seg til vår digitale verden.

Ein bør framleis halde på heimesida som primærkilda til informasjon, der ein også vil finne arkiverte møtebøker/årsmeldingar, førehandsvarsling av styresaker osv.

Røldal Fjellstyre har ikkje utnytta potensiale sosiale mediar har opna opp for. Ein bør diskutere om dette er noko som kan vera aktuelt.

**Framlegg til vedtak:**

- Dei digitaliserte møtebøkene og årsmeldingane vert gjort tilgjengelege på heimesida.
- Fjellstyret publiserer ein papirkopi av møtebøkene frå og med 2020 i ein eigen perm på handelslaget. Papirutgåve av dei eldre møtebøkene vert publisert i Kulturbanken.
- Røldal Fjellstyre opprettar ei facebook-side som ein oppdaterer jamleg med aktuell informasjon.

### **Referat:**

Gjennomgang ved leiar.

Meiner eit lågterskeltilbod med møtebøker på handelslaget er viktig.

Styret samlar seg om framlegg til vedtak.

### **Vedtak:**

- Dei digitaliserte møtebøkene og årsmeldingane vert gjort tilgjengelege på heimesida.
- Fjellstyret publiserer ein papirkopi av møtebøkene frå og med 2020 i ein eigen perm på handelslaget. Ein vil også vurdere å leggje ut papirutgåve av dei eldre møtebøkene i Kulturbanken.
- Røldal Fjellstyre opprettar ei facebook-side som ein oppdaterer jamleg med aktuell informasjon.

## Sak 26/21: Resultat spørjeundersøking 2020

### **Saksdokument:**

#### **Saksutgreiing (THHT):**

Resultatet av spørjeundersøkinga er systematisert, og presentert i eit dokument. Teksten under er ei kort oppsummering av desse, samt nokre kommentarar til nokre utvalde resultat.

Spørjeundersøkinga låg ute frå mai til oktober i 2020. Ein kunne levere skjemaet anten i postkassen på Handelslaget, eller via mail. Ein fekk inn totalt 18 svar, der berre eit var på mail.

- Av desse var 15 menn, 2 kvinner og 1 kjønnsnøytral.
- Aldersfordelinga visste at 2 var under 30, 7 mellom 30 og 50, 7 mellom 50 og 70, 1 eldre enn 70, samt 1 som ikkje visste.
- Av desse var det 16 som hadde nytta hyttene, 2 som ikkje hadde. Av desse låg så mange som 5 stykker mellom 7-10 netter kvart år.
- Bruken av hyttene visar seg å vera i stor grad til storviltjakt (15 av brukarane), 6 av brukarane fiskar, medan 6 også nyttar dei til rekreasjon.

#### Kven skal nytte hyttene:

Spørsmålet visar at det ikkje er eit stort ynskje at hyttene skal vera opne for utanbygdsbuande. 3 stykker krysser av for dette (1 spesifiserer at dette berre skal gjelde i jakta), samtidig som 2 stykker krysser av for at alle kan nytte hyttene. 15 stykk krysser av for at hyttene skal nyttast av innanbygds, og 12 stykk for at «andre med særskilt tilknytning til bygda» kan nytte dei.

Vinterbruk: 2 meiner hyttene skal vera stengte om vinteren. 16 meiner dei skal vera opne.

#### Open for eksklusiv utleige:



5 meiner ja. 13 meiner nei. Resultata frå spørsmåla i denne kategorien er frå Tor Helge sitt standpunkt problematisk. Spesielt sidan 10 av 18 svarer at dei trur hyttene vil verte meir attraktive for barnefamiliar dersom dei kan førehandsreservere hyttene. Om den totale bruken vert negativt eller positivt påverka av eksklusiv utleige er stor usemje rundt i undersøkinga. Konklusjonen ein soleis fort kan dra ut frå resultata i spørjeundersøkinga, er at brukerande meiner kostnaden for å leggje til rette for småbarnsfamiliar vert for stor. Dette opnar naturleg nok for andre problemstillingar. Korleis påverkar denne haldninga rekrutteringa?

#### Pris og betaling:

Eit overveldande fleirtal meiner prisen skal vera 50-100 kroner. Ein argumenterer også for at dette må vera slik p.g.a. den høge dugnadsinnsatsen. Stor einigheit om at utanbygdsbuande skal betale meir, halvparten meiner eit tillegg på 50% er rett.

Ingen einigheit om korleis ein eventuelt skal bestille overnatting. Når det kjem til betalingsløyisingar, er det like mange som føreslår anten Vipps eller overføring til konto i etterkant, som dei ynskja løyisingane.

Per no er prisen for innanbygdsbuande kroner 100, og utanbygdsbuande kroner 200. Fjellstyret gjev no alle som bidrar på dugnad gratis overnatting det inneverande året. Tor Helge si vurdering er at me no soleis er innanfor dei forslaga og innspela som er kome inn. At me premierar dei som faktisk bidrar, kan ikkje vera anna enn rettferdig. Noko inntekter må me ha, då utgiftene til drift av hyttene er betydelege. Alternativt må ein dekkje inn alle desse utgiftene ved sal av anten fiske- eller jaktkort.

#### Utbetring eller manglar:

Alle 15 som svarte var fornøyd med standard og utstyrsnivå. Det kom berre eit forslag om at ein burde bytte madrasser i gamlabua. Nye madrasser er allereie innkjøpt og innkøyr.

Tor Helge synest det er bekymringsverdig at ikkje fleire kjem med innspel til forbetringstiltak. Det er eit faktum at hyttene har nokon manglar. Dette er dokumentert til det kjedsomelege det siste året. Korleis ein skal tolke mangelen på tilbakemelding er vanskeleg å seie, men det viktig at me kommuniserer ut til brukerane at dei har minst eit like stort ansvar som fjellstyret for at hyttene skal halde ein brukbar standard. Vårt oppdrag må vera å vise takknemlegheit og handlekraft når me får desse tilbakemeldingane.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret tar orienteringa til vitande, og innstiller seg på å nytte resultata i seinare arbeid med organisering av hytteutleige.

#### **Referat:**

Gjennomgang ved leiar

Kort diskusjon omkring temaet. Styret luftar ulike modellar.

Diskusjon omkring oppretting av Vippsbetaling. Styret er positive til dette.

Styret samlar seg om framlegg til vedtak.

#### **Vedtak:**



Fjellstyret tar orienteringa til vitande, og innstiller seg på å nytte resultatane i seinare arbeid med organisering av hytteutleige.

Røldal FS opprettar Vippsnummer for betaling av hytteleige. Sekretær får tilgang til denne.

**Sak 27/21: Gjennomgong dognad/vedlikehald fjellstyrehyttene.**

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing (THHT):**

Dugnadsinnsatsen har vore betydeleg, og over all forventning. Det er også planlagt for ein del dognad i løpet av sommaren. I samband med dette er det sjølvstyk kjøpt inn ein del proviant, samt at fjellstyret må betale for ein del scootertransport i henhold til tidlegare vedtak.

Ninive

- Det er søkt om støtte fleire stadar; «Statskogmillionen», «Aktivitestilskot barn/unge» - Ullensvang kommune, «Ildsjelfondet» - Sparebankstiftelsen Sparebanken Vest og frå «Hardanger-folkeblad/Amedia og Sparebankstiftelsen DNB»
- Det er søkt om midlar frå Grunneigearfondet og løyvd 94 000,- her.
- Planen er å sende inn ein dognadsgjeng til å gjennomføre «innarbeidet» i løpet av sommaren.

Eriksbu

Ytterdør vart montert i påsken. Ny låssylinder ankom i etterkant og er også kome på plass. Det kom tilbakemeldingar på at det rant inn vatn inne fleire stader i hytta. Det same vart observert i fjor.

Gamlabua

HF (Sveinung) utførte det arbeidet som me vart einige om på førre møte.

Målinga og vaskeutstyr er køyrt inn. Det vart også, etter initiativ av brukarane, rydda i hytta og kjøpt inn nye gardiner. Planen er å måle hytta, samt gjennomføre ein nedvask i løpet av sommaren.

Brukarane har dei siste månadane bevist at det framleis er mogleg å gjennomføre oppgåver på dognad. Dette kan fjellstyret ta som eit signal for at det er interesse i å ta vare på fjellhyttene våre. Som ein konsekvens av dette, må ein vurdere om ein skal fortsetje det naudsynte vedlikehaldsarbeidet, og eventuelt kva som vert neste prosjekt. Gamlabua held om lag den standarden den skal, og vil vera ganske så bra om ein får bytta ytterdøra. På Ninive kjem hytta til å verte veldig bra, men det må vurderast om dofasilitetene skal oppgraderast. I Eriksbu er mangellappen lenger, og ein bør vurdere om det vil vera mest hensiktsmessig å gjennomføre ei tilsvarande renovering som på Ninive.

**Framlegg til vedtak:**

Ingen

**Referat:**



Kort gjennomgang ved leiar.

Det har kome inn 38 000,- frå Ildsselfondet-Sparebanken Vest og 10 000,- frå Ullensvang kommune.

Styret diskuterar situasjonen på Eriksbu og ser for seg at det på sikt vert ei renovering her.

Do på Ninve bør prosjekterast til sommaren og ein bør då legge førebelse planar for førebuing til bygging av denne.

**Vedtak:**

Sekretær rapporterer til Grunneigarfondet og ber om utbetaling av midlar til Ninive. Sekretær sjekkar og med Sparebanken Vest ift rapportering. Randi sjekker med Ullensvang kommune om eventuelt rapporteringsbehov for deira tildeling.

Styret ynskjer å starte planarbeidet for bygging av do på Ninive samt vøling av Eriksbu. Leiar får fullmakt til å gjennomføre dette arbeidet.

Styret tek elles orienteringa til vitande.

## Sak 28/21: Rjupejakt 2021

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing (SHO):**

Vurdering etter Naturmangfaldlova:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget:

Kunnskapen om bestandssituasjonen på rjupe på Hardangervidda er usikker. Det er på det reine at det er store svingingar i bestanden frå år til år og det er fleire faktorar som påverkar dette. I år med sein vår og/eller kaldt og dårleg ver i den mest kritiske perioden veit ein at det vert dårleg suksess på kyllingproduksjonen. Fjellfugl vil vere mest utsett her. Ein har hatt årlege takseringar på nokon område som klart viser dette. Generelt er det vanskeleg å vite noko om produksjonen før ein har hatt takseringar og før ein veit korleis årets produksjon har vore. For Røldal SA er det ikkje føremålsteneleg å ha takseringar då det er store område og mest fjellfugl og følgeleg vanskeleg å takserer. Ein vurderar det difor slik at ein ikkje har eksakt kunnskap om korleis årets produksjon vert og følgeleg bør ta konsekvensen av dette. Rapportar frå oppsynet fortel om bra med fugl på store delar av vidda i år. Det synast derfor å vere bra med stamfugl.

§9 Føre var prinsippet:

Fjellstyret vurderar det slik at ein ikkje har nok kunnskap til å opne opp for fri jakt. Dette som følgje av vurderingar under § 8. Rjupa er på veg ut av den nasjonale raudlista, men situasjonen er usikker og dette tilseier at ein bør vere restriktiv med å tillate for stort jaktrykk. Eit føre var prinsipp med å legge seg på ei avgrensing i tid og talet på kort vil vere med på å halde jaktrykket nede.

§ 10 Samla belastning:

Fjellstyret vurderer det slik at ei avgrensa jakt vil kunne forsvarast og at dette ikkje vil føre til ei samla belastning som vil vere til skade for økosystemet.



§§ 11 og 12 blir vurdert som lite aktuell i denne samanheng.

Lokale vurderingar:

Rjupejakta vart diskutert i sak 17/20 der fjellstyret kom med innspel på kva for ordningar og reglar som skal vere gjeldande for rjupejakta 2021. Fjellstyret ynskjer å halde fram eit føre var prinsipp når det gjeld tildeling av rjupejakt på Røldal Statsallmenning, jfr utgreiing etter Naturmangfaldlova. Dette av di situasjonen for rjupa er usikker mht bestandsstorleik og utvikling vidare. Røldal Fjellstyre vurderer det derfor slik at ein skal avgrense jakta både i tid og antal. I sine vurderingar har styret teke om syn til dei store svingingane i bestanden dei seiste åra og tilbakemeldingar frå fjelloppsynet og andre brukarar.

Det har kome tilbakemelding frå jegerar (jfr vedtak i sak 17/20) om at det etter at snøen har kome om hausten kan vere noko stort jakttrykk nær E134. Etter at snøen har lagt seg er det i hovudsak sesongkort som vert nytta. Fjellstyret vurderer det då slik at ein kan redusere noko på talet på sesongkort for å imøtekome desse tilbakemeldingane.

Det har og vore uttrykt bekymring for at jegerar med smårovviltkort bidreg til auken i jakttrykk. Fjellstyret har ikkje fått rapportert noko felling på jegerar som har løyst smårovviltkort. Styret bør ta stilling til om dette er noko som skal halde fram eller om ein ynskjer å trekke tilbake smårovviltkortet. Sakshandsamar meiner det vil vere negativt å trekke dette tilbake allereie no og tilrår å halde fram med løysinga minst eitt år til.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret vidarefører vedtekne reglar og ordningar for småviltjakta frå 2020. Unntaket er at ein går ned på talet på årskort til 15 for innanbygds og 10 for utanbygds.

Vedtaket er gjort med heimel i Fjelleva § 23

#### **Referat:**

Gjennomgang ved leiar.

Kort diskusjon før styret samlar seg om framlegg til vedtak.

#### **Vedtak:**

Fjellstyret vidarefører vedtekne reglar og ordningar for småviltjakta frå 2020. Unntaket er at ein går ned på talet på årskort til 15 for innanbygds og 10 for utanbygds. Reduserer smårovviltkort til å gjelde frå 01 mars tom 31 august.

Vedtaket er gjort med heimel i Fjelleva § 23

Sak 29/21: Stølane

#### **Saksdokument:**

#### **Saksutgreiing (THHT):**

Fjellstyret har fått følgjande svar frå Georg Gjøstein angående førespurnad til HF om overdraging av ansvaret for oppfølging av drift og utleige i henhold til kontraktar.





*«FH kan gjennom sekretæren for Røldal fjellstyra fylgje opp stølane dykkar innanfor dei føringane fjellstyret gjev. Dette vil vera ein naturleg del av ein sekretærfunksjon. Det er vanskeleg for meg å stipulere arbeidsmengda, men me ajourfører timeforbruket månadleg og fjellstyret vil bli underretta om det syner seg at arbeidsomfanget går mot eit overforbruk slik at fjellstyret kan ta stilling til om deler av arbeidet skal vente noko eller om ein ynskjer ta det som eit tillegg i tjenestekjøp.»*

Tor Helge er tilfreds med denne tilbakemeldinga, men meiner ein må få til ei løysing der ein får ein omtrentleg oversikt over kva kostnaden for denne løysinga vert. Fjellstyret må nok påberekna seg nokon større utgifter med dette no i ein overgangsperiode. Tor Helge ynskjer alt arbeid i samanheng med stølane vert ført i ein eigen post i oversikten over timeforbruk, slik at dette også kan synleggjerast for beiteleigerande.

Det er viktig at me gjenopprettar dialogen med leigetakarane snarast, og føl opp dei vilkåra som er sett i kontraktane. Tidlegare munnlege avtalar og ordningar må også bringast på banen slik at fjellstyret vert klar over dei, og at dei i så tilfelle kan fornyast.

Fjellstyret ynskjer tidlegare at det skulle gjennomførast eit møte på Haukeli i byrjinga av sesongen 2021, der ein vert einige om kva vedlikehald som gjennomførast i løpet av årets sesong. Beiteleigerane må då gje uttrykk for om dei ynskjer eit møte i Sveigen Beitelag. Det bør også vurderast om ein skal gjennomføra eit tilsvarande møte i slutten av årets sesong, der neste års vedlikehald vert avtala.

#### **Framlegg til vedtak:**

Røldal Fjellstyret overfører ansvaret for oppfylginga av leigekontraktane til stølane til FH/ sekretæren for Røldal Fjellstyret. Fjellstyret ynskjer at det snarast vert oppretta kontakt med leigetakarane i henhold til saksutgreiinga.

#### **Referat:**

Orientering ved leiar

#### **Vedtak:**

Røldal Fjellstyret overfører ansvaret for oppfylginga av leigekontraktane til stølane til FH/ sekretæren for Røldal Fjellstyret. Fjellstyret ynskjer at det snarast vert oppretta kontakt med leigetakarane i henhold til saksutgreiinga.

## Sak 30/20: Driftsplan fiske

#### **Saksdokument:**

#### **Saksutgreiing (THHT):**

Fjellstyret fekk endeleg avlag på søknaden om fiskeutsetting av Miljødirektoratet.

#### Utdrag frå avslag i 2009:



*...Fylkesmannen meiner utsetting av fisk skal grunnjevast i ein driftsplan som viser nytten av tiltaket. Utgangspunktet er at naturen i nasjonalparken skal stelle seg sjølv utan menneskeleg påverknad. På Hardangervidda har fiske (både stong- og garnfiske) lange tradisjonar og verdien av dette er vanskeleg å sette mål på. Fiske som tradisjon og rekreasjon er aktivitetar som skal kunne halde fram i nasjonalparken (jf føremålsparagrafen). Fylkesmannen meiner kultivering slik som utsetting bør avgrensast til område som er mykje brukt og som har tradisjon for slik pleie av vatna....*

*Fylkesmannen gir Røldal fjellstyre løyve til utsetting av inntil 3000 aure i Holmavatn i Røldal statsallmenning. Løyvet er gitt med heimel i verneforskrifta for Hardangervidda nasjonalpark punkt 4.2.4 og er gitt med følgjande vilkår.*

*- Utsetting gjeld for 2009, 2010 og 2011*

*- Før eventuelle seinare utsetting skal effekten av utsetting no dokumenterast*

*- Fisk skal vere av stadeigen stamme, dvs frå same vassdrag (Kvennavassdraget)*

*- Vilkår gitt eller vedtak med heimel i laks- og innlandsfiskelova skal følgjast*

*Det vert gitt avslag på utsetting i dei andre vatna i søknaden. Det kan vere aktuelt å gi løyve her seinare når ein får erfaring med effekten av utsetting i Holmavatn. Dette kan drøftast vidare med fylkesmannen.*

#### Utdrag frå avslag 2020:

*... Dette viser at vi og i 2009 var skeptisk til, og gav avslag på utsetting av fisk i Nordre og Sørå Steggjavotna og andre av dei høgtliggjande vatna i statsallmenningen. Dette er ei avgjersle vi står ved, og vi meiner det ikkje bør settast ut fisk i Nordre og Sørå Steggjavotna utan at det eventuelt inngår i ein driftsplan. Vi meiner det er viktig for det biologiske mangfaldet at nokre vatn er fiketomme....*

Fjellstyret var ikkje klar over verken søknaden eller svaret frå fylkesmannen i 2009. Dette kom heller ikkje fram frå avslaget til fylkesmannen, men er noko dei informerte om i følgjebrevet til Miljødirektoratet.

Fjellstyret fekk løyve til fiskeutsetjing i 2017, men då av Fylkeskommunen. Denne informasjonen var utelete frå fylkesmannen. Fjellstyret forsøkte å ettersende denne til Miljødirektoratet, med det tydar ikkje på at denne informasjonen vart inkludert i klagehandsaminga.

Det kjem likevel klart frå avslaget i 2009 og 2020 at fjellstyret ikkje kan forvente å få setje ut fisk i nokon vatn utan at det eventuelt inngår i ein driftsplan. Fjellstyret må difor ta stilling til om fisk og fiskekultivering skal verte prioritert. Konsekvensen av ingen kultivering vil, som tidlegare understreka, vera berre tomme fiskevatn på Røldal Statsallmenning vest for Songa.

Ynskjer ein vidare kultivering, må det på plass ein driftsplan for fiske. Kravet til dokumentasjon vil då vera høgt, og fjellstyret må nok difor innstille seg på å gjennomføre prøvefiske. Som det kjem fram frå avslaget i 2009, så må Holmavatnet prioriterast. I tillegg bør også dei to Steggjavotnane inkluderast, då det for desse tre vatna ikkje før er gjennomført noko prøvefiske. Prøvefiske har heller ikkje vorte gjennomført i Trossovtjørna eller Tangensjøen.

Passande fiskegarn er henta heim frå Hedlevass. Det bør nok også investerast i nokon fleire. Ein bør også vurdere om det vil vera nødvendig med ein aldersdatering av fisken. Dette vil i tilfelle auke kostnaden betydeleg, då ein nok får gjennomført sjølve prøvefiskinga på dugnad.



**Framlegg til vedtak:**

Røldal Fjellstyre ynskjer å fortsetje den tradisjonsbaserte fiskekultiveringa på Røldal Statsallmenning og skal difor utarbeide ein driftsplan for fiske.

Leiar får fullmakt til å rette førespurnad til lokale ressurspersonar om dei ynskjer å bidra i utforminga av driftsplanen.

**Referat:**

Gjennomgang ved leiar.

**Vedtak:**

Røldal Fjellstyre ynskjer å fortsetje den tradisjonsbaserte fiskekultiveringa på Røldal Statsallmenning og skal difor utarbeide ein driftsplan for fiske.

Leiar får fullmakt til å rette førespurnad til lokale ressurspersonar om dei ynskjer å bidra i utforminga av driftsplanen.

Leiar får fullmakt til å organisere naudsynt prøvefiske, samt kjøpe inn nødvendige fiskegarn til dette.

Sak 31/21: FHAs, endring i sekretærtjenestene og framtidig kontrakt/tenestekjøp

**Saksdokument:****Saksutgreiing (THHT):**

Fjellstyret vil i løpet av sommaren få ein ny sekretær i ein overgangsperiode. Ei endeleg løysing, med fast sekretær, vil nok ikkje vera på plass før til neste år. Det er i tillegg også ynskjeleg at fjellstyret går i gjennom forslag til nye kontraktar med FH. Utkast til desse vart lagt fram for leiar i styremøte i FH i mars.

Røldal Fjellstyre her ein del viktige diskusjonar, og prinsipielle avgjerdseler å fatta det neste året. Det er difor viktig at fjellstyret gjennomfører ein grundig prosess. Leiar ynskjer at styret skal vurdere behovet for eit ekstra fjellstyremøte i næraste framtid, der desse sakene vert diskutert.

**Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret gjennomfører eit ekstra møte den ..... der fjellstyret tar stilling til framtidig kontrakt/tenestekjøp og diskuterer utkastet til ny kontrakt med FHAs.

**Referat:**

Gjennomgang ved leiar

**Vedtak:**

Fjellstyret ynskjer eit eige møte der fjellstyret tar stilling til framtidig kontrakt/tenestekjøp og diskuterer utkastet til ny kontrakt med FHAs. Leiar sjekkar med representantane om kva tid dette passar og kallar inn til møtet.

Sak 32/21: Salteplassar, løyve til motorferdsle mv

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing (SHO):**

Mattilsynet kjem no med krav om at alle salteplassar for sau skal gjerdast inn slik at rein og andre hjortedyr ikkje kjem inn til saltet. Dette er gjennomført i Nordfjella og skal no rullast ut i Hardangervidda sona. Dette omfattar og Røldal Statsallmenning.

Det er i dag eit avgrensa tal salteplassar på Røldal SA. Dei salteplassane som evt er her må og gjerast inn.

Statskog har motteke søknad frå Mattilsynet om motorferdsle i samband med utflyging og oppsetting av gjerde rundt salteplassane på Hardangervidda. Statskog ber alle fjellstyra ta stilling til motorferdsle dette inneber og evt gje løyve til dette.

Det kan bli aktuelt for Mattilsynet eller andre aktørar å etablere basar for utflyging av gjerdemateriell. Dette vil seie midlertidige lager (i friluft) for gjerdemateriell. I tilknytning til desse lagerplassane vil de då bli aktuelt å lande med helikopter for uttransport. Haukelifjell kan vere ein aktuell stad for slik utflyging og fjellstyret bør derfor ta stilling til dette no.

**Framlegg til vedtak:**

Røldal Fjellstyre ynskjer at talet på inngjerda salteplassar på Røldal SA vert halde på eit minimum. Beiteleigerane på Røldal SA får løyve til å vidareføre dei nødvendige salteplassane. Salteplassar som ikkje lenger er i bruk, eller det ikkje er behov for, skal sanerast og ikkje nyttast. Røldal Fjellstyre gjev løyve til eventuell landing med helikopter for etablering av gjerde rundt naudsynnte salteplassar i terrenget innanfor Røldal SA.

Røldal Fjellstyre gjev løyve til landing med helikopter i tilknytning til veg langs E134 for uttransport av materiell til inngjerding av salteplassar.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 12

**Referat:**

Gjennomgang ved leiar.

**Vedtak:**

Røldal Fjellstyre ynskjer at talet på inngjerda salteplassar på Røldal SA vert halde på eit minimum. Beiteleigerane på Røldal SA får løyve til å vidareføre dei nødvendige salteplassane. Salteplassar som ikkje lenger er i bruk, eller det ikkje er behov for, skal sanerast og ikkje nyttast.



Røldal Fjellstyre gjev løyve til eventuell landing med helikopter for etablering av gjerde rundt naudsynte salteplassar i terrenget innanfor Røldal SA.  
Vedtaket gjeld både nord og sør for E134.

Røldal Fjellstyre gjev løyve til landing med helikopter i tilknytning til veg langs E134 for uttransport av materiell til inngjerding av salteplassar.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 12

